



## ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2020 - GENERELL INFORMASJON

### Enheten

Organisasjonsnummer:	986 530 649
Organisasjonsform:	Aksjeselskap
Foretaksnavn:	SVELGEN KRAFT AS
Forretningsadresse:	6723 SVELGEN

### Regnskapsår

Årsregnskapets periode:	01.01.2020 - 31.12.2020
-------------------------	-------------------------

### Konsern

Morselskap i konsern:	Nei
-----------------------	-----

### Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet:	Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet:	Regnskapslovens alminnelige regler

### Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet:	Martin Holvik
Dato for fastsettelse av årsregnskapet:	26.05.2021

### Grunnlag for avgivelse

År 2020: Årsregnskapet er elektronisk innlevert  
År 2019: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2020

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 29.06.2022



### Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
<b>RESULTATREGNSKAP</b>			
<b>Inntekter</b>			
Sal av kraft	2, 3, 9	135 640 944	240 362 927
Andre driftsinntekter	3, 9	985 045	1 226 707
<b>Sum inntekter</b>		<b>136 625 989</b>	<b>241 589 633</b>
<b>Kostnader</b>			
Kjøp av overføringstenester		8 946 505	7 776 240
Avskrivningar	8	16 348 606	15 666 358
Nedskrivning av varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	6	17 854 770	16 050 682
Andre driftskostnader	4, 5, 9	22 111 805	22 639 382
<b>Sum kostnader</b>		<b>65 261 687</b>	<b>62 132 662</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>71 364 303</b>	<b>179 456 971</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Renteinntekt fra foretak i samme konsern	9		
Annen renteinntekt		57 221	278 628
Annen finansinntekt		796 721	1 115 316
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>853 942</b>	<b>1 393 944</b>
Rentekostnad til foretak i samme konsern	9	16 165 617	16 927 879
Annen rentekostnad		273 063	66 124
Annen finanskostnad			
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>16 438 680</b>	<b>16 994 003</b>
<b>Netto finans</b>		<b>-15 584 739</b>	<b>-15 600 059</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>55 779 564</b>	<b>163 856 912</b>
Grunnrenteskatt	7	6 806 075	58 687 241
Overskotsskatt	7	12 621 775	36 984 649
<b>Ordinært resultat etter skattekostnad</b>		<b>36 351 714</b>	<b>68 185 022</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>36 351 714</b>	<b>68 185 022</b>
<b>Årsresultat etter minoritetsinteresser</b>		<b>36 351 714</b>	<b>68 185 022</b>



## Resultatregnskap

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
<b>Totalresultat</b>		<b>36 351 714</b>	<b>68 185 022</b>
<b>Overføringer og disponeringer</b>			
Konsernbidrag		11 700 000	78 000 000
Avsatt til/overført fra annen egenkapital	11	24 651 714	-9 814 978
<b>Sum overføringer og disponeringer</b>		<b>36 351 714</b>	<b>68 185 022</b>



## Balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
<b>BALANSE - EIENDELER</b>			
<b>Anleggsmidler</b>			
<b>Immaterielle eiendeler</b>			
Fallrettar	8	371 275 047	371 275 047
Utsatt skattefordel	7	20 642 073	21 140 089
Utsett skattefordel grunnrente	7	34 627 425	35 251 832
<b>Sum immaterielle eiendeler</b>		<b>426 544 545</b>	<b>427 666 968</b>
<b>Varige driftsmidler</b>			
Kraftstasjonar	8	260 441 533	266 123 728
Bygninger	8	3 372 572	3 518 336
Inventar,utstyr og materiell	8	3 405 772	4 260 911
Anlegg i arbeid	8	14 910 977	6 377 124
<b>Sum varige driftsmidler</b>		<b>282 130 855</b>	<b>280 280 100</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>708 675 399</b>	<b>707 947 067</b>
<b>Omløpsmidler</b>			
<b>Varer</b>			
<b>Sum varer</b>		<b>2 193 016</b>	<b>2 563 125</b>
<b>Fordringer</b>			
Kundefordringer	9	18 681 780	20 140 604
Andre kortsiktige fordringer	9	14 584 729	56 852 966
<b>Sum fordringer</b>		<b>33 266 509</b>	<b>76 993 570</b>
<b>Sum omløpsmidler</b>		<b>35 459 525</b>	<b>79 556 695</b>
<b>SUM EIENDELER</b>		<b>744 134 924</b>	<b>787 503 762</b>
<b>BALANSE - EGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Egenkapital</b>			
<b>Innskutt egenkapital</b>			
Aksjekapital	11, 12	41 000 000	41 000 000



## Balanse

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
Overkurs	11	7 095 713	7 095 713
<b>Sum innskutt egenkapital</b>		<b>48 095 713</b>	<b>48 095 713</b>
<b>Opptjent egenkapital</b>			
Annen egenkapital	11	31 654 488	7 002 774
<b>Sum opptjent egenkapital</b>		<b>31 654 488</b>	<b>7 002 774</b>
<b>Sum egenkapital</b>		<b>79 750 201</b>	<b>55 098 487</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Langsiktig gjeld</b>			
<b>Annen langsiktig gjeld</b>			
Øvrig langsiktig gjeld	9	550 000 000	550 000 000
<b>Sum annen langsiktig gjeld</b>		<b>550 000 000</b>	<b>550 000 000</b>
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>550 000 000</b>	<b>550 000 000</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld	9	13 770 417	232 103
Betalbar skatt	7	15 663 251	68 828 735
Skyldig offentlige avgifter		847 477	7 425 441
Annen kortsiktig gjeld	9	84 103 578	105 918 995
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>114 384 723</b>	<b>182 405 274</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>664 384 723</b>	<b>732 405 274</b>
<b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>744 134 924</b>	<b>787 503 762</b>



<b>Resultatregnskap</b>			
Svelgen Kraft AS			
<b>Driftsinntekter og driftskostnader</b>	<b>Note</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
Sal av kraft	2, 3, 9	135 640 944	240 362 927
Andre driftsinntekter	3, 9	985 045	1 226 707
Sum driftsinntekter		<u>136 625 989</u>	<u>241 589 633</u>
Kjøp av overføringstenester		8 946 505	7 776 240
Andre driftskostnader	4, 5, 9	22 111 805	22 639 382
Eigedomsskattar og avgifter	6	17 854 770	16 050 682
Avskrivningar	8	16 348 606	15 666 358
Sum driftskostnader		<u>65 261 687</u>	<u>62 132 662</u>
Driftsresultat		<u>71 364 303</u>	<u>179 456 971</u>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Andre renteinntekter		57 221	278 628
Annen finansinntekt		796 721	1 115 316
Rentekostnad konserninternt	9	16 165 617	16 927 879
Andre rentekostnader		273 063	66 124
Resultat av finansposter		<u>-15 584 739</u>	<u>-15 600 059</u>
Ordinært resultat før skattekostnad		<u>55 779 564</u>	<u>163 856 912</u>
Grunnrenteskatt	7	6 806 075	58 687 241
Overskottsskatt	7	12 621 775	36 984 649
<b>ÅRSRESULTAT</b>		<u>36 351 714</u>	<u>68 185 022</u>
<b>Overføringer</b>			
Avsatt konsernbidrag		11 700 000	78 000 000
Avsatt til/overført fra annen egenkapital	11	24 651 714	-9 814 978
Sum overføringer		<u>36 351 714</u>	<u>68 185 022</u>



<b>Balanse</b>				
Svelgen Kraft AS				
<b>Eiendeler</b>	<b>Note</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>	
<b>Anleggsmidler</b>				
<b>Immaterielle eiendeler</b>				
Fallrettar	8	371 275 047	371 275 047	
Utsett skattefordel	7	20 642 073	21 140 089	
Utsett skattefordel grunnrente	7	34 627 425	35 251 832	
Sum immaterielle eiendeler		<u>426 544 545</u>	<u>427 666 968</u>	
<b>Varige driftsmidler</b>				
Kraftstasjonar	8	260 441 533	266 123 728	
Inventar,utstyr og materiell	8	3 405 772	4 260 911	
Bygninger	8	3 372 572	3 518 336	
Anlegg i arbeid	8	14 910 977	6 377 124	
Sum varige driftsmidler		<u>282 130 855</u>	<u>280 280 100</u>	
Sum anleggsmidler		<u>708 675 399</u>	<u>707 947 067</u>	
<b>Omløpsmidler</b>				
Grøne sertifikat		2 193 016	2 563 125	
<b>Fordringer</b>				
Kundefordringer	9	18 681 780	20 140 604	
Andre kortsiktige fordringer	9	14 584 729	56 852 966	
Sum fordringer		<u>33 266 509</u>	<u>76 993 570</u>	
Sum omløpsmidler		<u>35 459 525</u>	<u>79 556 695</u>	
Sum eiendeler		<u>744 134 924</u>	<u>787 503 762</u>	



<b>Balanse</b>				
Svelgen Kraft AS				
<b>Egenkapital og gjeld</b>	<b>Note</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>	
<b>Innskutt egenkapital</b>				
Aksjekapital	11, 12	41 000 000	41 000 000	
Overkurs	11	7 095 713	7 095 713	
Sum innskutt egenkapital		<u>48 095 713</u>	<u>48 095 713</u>	
<b>Opptjent egenkapital</b>				
Annen egenkapital	11	31 654 488	7 002 774	
Sum opptjent egenkapital		<u>31 654 488</u>	<u>7 002 774</u>	
Sum egenkapital		<u>79 750 201</u>	<u>55 098 487</u>	
<b>Gjeld</b>				
Øvrig langsiktig gjeld	9	550 000 000	550 000 000	
Sum annen langsiktig gjeld		<u>550 000 000</u>	<u>550 000 000</u>	
<b>Kortsiktig gjeld</b>				
Leverandørgjeld	9	13 770 417	232 103	
Betalbar skatt	7	15 663 251	68 828 735	
Skyldig offentlige avgifter		847 477	7 425 441	
Annen kortsiktig gjeld	9	84 103 578	105 918 995	
Sum kortsiktig gjeld		<u>114 384 723</u>	<u>182 405 274</u>	
Sum gjeld		<u>664 384 723</u>	<u>732 405 274</u>	
Sum egenkapital og gjeld		<u>744 134 924</u>	<u>787 503 762</u>	
Sandane, 17.03.2021				
Styret i Svelgen Kraft AS				
_____ Jacob Hornnes	_____ Terje Søvikhagen	_____ Martin Holvik		
_____ Stig Falling	_____ Ragnhild Gundersen	_____ Ola Lingaas Styreleiar		
_____ Jan Inge Erdal Dagleg leiar		_____ Bengt Haugnes		
Svelgen Kraft AS		Side 3		



# 1114327

## Notar til rekneskapen 2020

### 1. Rekneskapsprinsipp

Svelgen Kraft AS sin rekneskap er ført i samsvar med rekneskapslova av 1998 og reglane for god rekneskapsskikk i Norge.

#### **Grunnleggande forhold**

Årsrekneskapen for Svelgen Kraft AS består av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumoppstilling og noteopplysningar.

Alle finansielle kraftkontraktar Svelgen Kraft AS har handla på NASDAQ OMX Commodities inngår i sikringsportefølje og er underlagt sikringsbokføring.

Svelgen Kraft AS har avtale med majoritetseigar SFE Produksjon AS om finansiell krafthandel. Svelgen Kraft AS inngår avtaler på NASDAQ OMX Commodities ved bruk av SFE Produksjon AS sin konto. Svelgen Kraft AS heftar imidlertid for all risiko knytt til desse kontraktene og dei vert rekneskapsførte som om Svelgen Kraft handlar desse direkte på NASDAQ OMX Commodities. All fysisk kraftproduksjon som ikkje vert levert som konsesjonskraft eller gjennom bilaterale fysiske kraftkontrakter, vert seld til SFE Produksjon AS som omset denne på NordPool Spot. Svelgen Kraft AS oppnår same pris på sin fysiske kraftproduksjon som SFE Produksjon sel den for på NordPool Spot. Finansiell og fysisk handel med kraft på NASDAQ OMX Commodities og NordPool Spot er i Euro.

Svelgen Kraft AS valutasikrar ein andel av kraftinntektene i Euro i samsvar med vedteken sikringsstrategi. Strategien blei endra i 2020 slik at Svelgen Kraft ikkje lenger skal valutasikre kraftinntekter. Dette medfører at det ikkje blir inngått nye valutasikringskontrakter men eksisterande kontrakter løper til forfall. Siste valutasikringskontrakt utløper i oktober 2021. Svelgen Kraft praktiserer sikringsbokføring og realisert tap og vinst på valutasikringa blir resultatført som ein del av kraftsalsinntektene og henført til same rekneskapsperiode som den valutasikrasikra kraftinntekta. Meir-/mindreverdiar på valutasikringsinstrument vert ikkje balanseført.

#### **Prinsipp for inntekts- og kostnadsføring**

Inntektsføring i rekneskapen skjer ved levering av varer eller tenester til kunde. Utgifter vert samanstilt med og vert kostnadsført samtidig med dei



inntektene som utgiftene kan henførast til. Utgifter som ikkje kan henførast direkte til inntekter vert kostnadsført når dei påløper.

All fysisk krafthandel er ført brutto i resultatrekneskapen, medan nettoresultatet av finansiell sikring er ført under driftsinntekter.

### **Hovudregel for vurdering og klassifisering av balansepostar**

Eigedelar som er bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Andre eigedelar er klassifisert som omlaupsmidlar. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er klassifisert som omlaupsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterium lagt til grunn. Anleggsmiddel er vurdert til anskaffelseskost, men vert nedskrive til verkeleg verdi når verdifallet ikkje er forventa å vere forbigåande. Dersom anleggsmiddelet har avgrensa økonomisk levetid vert det avskrive planmessig over levetida.

Ved vurdering av omløpsmidlar er lågaste verdis prinsipp nytta, slik at omlaupsmidlane er vurdert til lågaste verdi av anskaffelseskost og marknadsverdi. Langsiktig gjeld vert balanseført til pari kurs. Kortsiktig gjeld vert balanseført til motteke beløp på lånetidspunktet, og vert ikkje oppskrive til verkeleg verdi som følgje av renteendring.

Enkelte postar er vurdert etter andre reglar og desse er det gjort greie for nedanfor.

### **Varige driftsmiddel og avskrivningar**

Alle varige driftsmiddel vert avskrive lineært over forventa levetid. Avskrivning vert starta året etter investeringsåret for mindre, ordinære avskrivningar, medan for større investeringar vert avskrivningar starta den månaden driftsmiddelet vert teke i bruk. Eigne investeringsarbeid vert aktiverte på driftsmiddelet etter marknadsmessig timesats. Det vert aktivert byggelånsrenter på større investeringar som går over meir enn 6 månadar, medan meir ordinære investeringar ikkje vert aktiverte med byggelånsrenter. Periodiske vedlikehaldsutgifter vert aktiverte i balansen og avskrive over vedlikehaldsintervallet.

### **Fordringar**

Kundefordringar og andre fordringar er oppført til pålydande etter frådrag for avsetting til forventa tap. Avsetting til tap er gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringar.

### **Godtgjersler**

Svelgen Kraft AS utbetaler godtgjersler i samband med overtaking av bruks- og fallrettar.



For utbygde kraftverk er eingongsgodtgjersler aktivert og vert avskrive over anlegget si levetid, medan årlege godtgjersler for utbygde anlegg vert kostnadsført.

### **Magasinnylling**

I samsvar med vanleg praksis i bransjen vert ikkje vassmagasin balanseført. Vassmagasin er likevel vesentleg for vurdering av det rekneskapsmessige resultat for selskapet.

### **Valuta og kraftkontrakter**

Alle kjøps- og salskontraktar blir periodiserte, dvs. inntekter og kostnader blir periodiserte i høve til leverings- og mottakstidspunkt. Kraftportefølja vert vurdert med gjennomsnittspris på sals- og kjøpskontraktar med tilsvarende volum og samanfallande leveringsperiodar.

Rekneskapsreglane tillet i dag to metodar for sikringsbokføring. Den eine metoden er at meir-/mindreverdier på sikringsinstrumentet vert helde utanfor balansen. Den andre metoden er at meir-/mindreverdier vert teke inn i balansen og med eigenkapitalen som einaste motpost. Svelgen Kraft AS har valt den første metoden der meir-/mindreverdier ikkje vert teke med i balansen.

Deler av Svelgen Kraft sine forventade kontantstraumar i Euro vert valutasikra. Valutarisiko utgjer både direkte og indirekte ein økonomisk risiko, ved at den fysiske kraftprisen og alle finansielle avtaler på NASDAQ OMX Commodities vert fastsett i Euro. Sikringsinstrumenta, som valutaterminar, vert sikringsbokført på same måte som kraftpriskontrakter ved at meir-/mindreverdier vert helde utanfor balansen

#### Kraftportefølja:

Kraftportefølja inneheld i tillegg til eigenproduksjonen, alle sals- og kjøpskontraktar som er inngått med grunngjeving i forhold knytt til fysiske tilhøve i våre produksjonsanlegg. Dette gjeld både fysiske og finansielle kraftkontraktar. Det er høve til å inngå sals- og kjøpsopsjonar. For kraftsals- og kraftkjøpskontraktar med levering for neste år vert same kvartal samanstillt etter porteføljepriinsippet og urealiserte tap som måtte vere i portefølja vert kostnadsført. For kraftkontraktar med levering seinare enn neste år vert same år samanstillt og evt. urealiserte tap vert kostnadsført. Urealiserte gevinstar vert ikkje inntektsført.

Eigenproduksjonen vert i denne vurderinga lagt inn som ei kjøpskontrakt med kjøpspris lik sjølvkost.

Svelgen Kraft AS handlar finansielle instrument, primært på NASDAQ OMX Commodities ved bruk av SFE Produksjon AS sin konto, for å optimalisere verdiane og redusere risikoen som ligg i kraftporteføljene. Finansielle instrument som vert handla er forwards, futures og opsjonar på NASDAQ

OMX Commodities. Det vert også handla forwards bilateralt. Opsjonspremiar vert resultatført parallelt med det underliggende produktet, med unntak av opsjonar for komande år som på balansetidspunktet var verdilause, desse vert kostnadsførte i inneværande år. Ved utgongen av 2020 hadde Svelgen Kraft AS ingen finansielle kraftopsjonar.

Resultatet av sikringshandelen vert ført på same rekneskapsline som resultatet av den sikra posisjonen.

Svelgen Kraft valutasikrar ein andel av kraftinntektene i Euro i samsvar med vedteken sikringsstrategi. Strategien blei endra i 2020 slik at Svelgen Kraft ikkje lenger skal valutasikre kraftinntekter. Dette medfører at det ikkje blir inngått nye valutasikringskontrakter, men eksisterande kontrakter løper til forfall. Siste valutasikringskontrakt utløper i oktober 2021. Svelgen Kraft praktiserar sikringsbokføring og realisert tap og vinst på valutasikringa blir resultatført som ein del av kraftsalsinntektene og henført til same rekneskapsperiode som den valutasikrasikra kraftinntekta. Meir-/mindreverdiar på valutasikringsinstrument vert ikkje balanseført.

### **Grøne sertifikat**

Etter lov om elsertifikat får Svelgen Kraft utstedt elsertifikat for ny produksjon frå fornybar kraftproduksjon. Elsertifikatregisteret utsteder elsertifikat månaden etter kraftproduksjonen har funne stad, eit elsertifikat for kvar MWh elsertifikatberettiga kraftproduksjon. Elsertifikata vert inntektsført ved utsteding og balanseført som omløpsmiddel etter FIFO-prinsippet. Svelgen Kraft får utstedt opphavsgarantiar for produsert mengde i alle kraftverk, ein garanti for kvar produsert MWh. Behaldninga ved årsslutt vert bokført etter berekna marknadsverdi.

### **Prinsipp for kontantstraumoppstilling**

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd med basis i den indirekte metoden. Dette innebærer at ein i analysen tek utgangspunkt i foretaket sitt årsresultat for å kunne presentere kontantstraumar tilført frå henholdsvis ordinær drift, investeringsverksemda og finansieringsverksemda.

### **Skattar**

Svelgen Kraft AS betalar fire ulike skatteartar. Dette er alminneleg overskotsskatt, grunnrenteskatt, naturressursskatt og eigedomsskatt.

### **Overskotsskatt**

Overskotsskatten vert berekna etter dei ordinære skattereglane.



Skattekostnaden i resultatregnskapen er samansett av betalbar skatt og endring i utsett skattefordel/skatteforpliktning. Betalbar skatt vert berekna på grunnlag av året sitt skattemessige resultat. Utsett skattefordel/skatteforpliktning vert berekna på grunnlag av midlertidige skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar. Utsett skatt er rekna etter nominell verdi med 22% pr. 31.12.2020.

### **Grunnrenteskatt**

Grunnrenteskatten er ein kraftverksspesifikk skatt som vert berekna separat for kvart kraftverk. Negativ grunnrenteinntekt i eit kraftverk som skriv seg frå 2007 og seinare kan likevel samordnast med positiv grunnrenteinntekt i andre kraftverk innan eit skattekonsern. Grunnrenteskatten har som formål å skatlegge den avkastinga ein vasskraftprodusent har utover normalavkastning som følge av at produsenten utnyttar ein naturressurs. Denne skattearten er delvis overskotsuavhengig.

Skattekostnaden knytt til grunnrente i Svelgen Kraft AS sitt resultatregnskap består av betalbar grunnrenteskatt, endring i utsett skatt knytt til grunnrente med basis i endring i midlertidige skilnader og endring i framførbart underskot knytt til grunnrente. Ved berekning av utsett skatt fordel/forpliktning 31.12.2020 er det brukt nominell skattesats på 37,0%. I samsvar med tilråding frå bransjeorganisasjon er det ved negative midlertidige skilnader balanseført utsett skatt fordel grunnrente for kraftverk som er i posisjon for betalbar grunnrenteskatt. Utsett skatt fordel/forpliktning på grunnrente er presentert netto i balansen.

### **Naturressursskatt**

Naturressursskatten er overskotsuavhengig og vert berekna basert på det enkelte kraftverk sin gjennomsnittlege produksjon dei siste 7 åra. Naturressursskatten kan utliknast krone for krone mot overskotsskatten, og ikkje utlikna naturressursskatt kan framførast med renter.

### **Eigedomsskatt**

Eigedomsskatten er ein overskotsuavhengig skatt. For kraftverk vert grunnlaget for eigedomsskatten fastsett i samband med skattelikninga. Øvrige anlegg vert verdisett gjennom ein eigedomsskattetakst. Eigedomsskatten utgjer inntil 0,7% av grunnlaget. I rekneskapen er eigedomsskatten teken med som ein driftskostnad.



## 2. Kraftproduksjon, kraftsal og kraftkjøp

### Kraftproduksjon:

	2020	2019
Årets produksjon	792 GWh	621 GWh
Middelproduksjon	698 GWh	698 GWh

Fastsett middelproduksjon er basert på produksjons-og tilsigsserier for perioden 2007-2016.

	31.12.20	31.12.19	31.12.18	31.12.17	31.12.16
Magasinbeholdning (GWh)	262	194	227	264	259
Andel av magasinkapasitet	84%	62%	73%	85%	83%

## 3. Driftsinntekter

Beløp i 1000 kr	2020	2019
Kraftsalsinntekter	135 641	240 363
Andre driftsinntekter	985	1 227
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>136 626</b>	<b>241 590</b>

## 4. Lønskostnader, antall tilsette, godtgjeringar m.m

Svelgen Kraft AS vert drifta ved hjelp av innleige frå SFE konsernet. Leiande personell i SFE Produksjon har også ansvar for leiande funksjonar i selskapet. Kostnadane vedrørende drift og leiing er fakturert selskapet etter medgått tid. Det har ikkje vore utbetalt styrehonorar i selskapet.

Godtgjersle for revisjon og revisjonsrelaterte tenester ex mva:

Beløp i 1000 kr	2020	2019
Honorar lovpålagd revisjon valt revisor	31	51
Honorar lovpålagd revisjon andre revisorar	24	0
Andre attestasjonstenester	6	5
Rådgjeving	0	0
<b>Sum</b>	<b>61</b>	<b>56</b>



## 5. Andre driftskostnader

Beløp i 1000 kr	2020	2019
Kjøp av drift og vedlikeholdstenester	13 260	13 909
Forsikringer	1 193	1 083
Andre driftskostnader	7 659	7 649
<b>Sum andre driftskostnader</b>	<b>22 112</b>	<b>22 639</b>

## 6. Eigedomsskatt, avgifter og godtgjersler

Beløp i 1000 kr	2020	2019
Konsesjonsavgifter	5 800	5 671
Konsesjonspålagde tiltak	0	0
Grunn- og ulempeerstatning	79	79
Frikraftutbetalinger	650	535
Eigedomsskatt	11 326	9 766
<b>Sum eigedomsskatt, avgifter og godtgjersler</b>	<b>17 855</b>	<b>16 051</b>

Svelgen Kraft AS er eit 100% offentlig eigd selskap og såleis er ikkje Svelgen Kraft AS sine kraftstasjonar utsett for heimfall til staten. Gjennom disponering av fallrettar i utbygde og ikkje utbygde vassdrag har Svelgen Kraft AS teke på seg forpliktingar ved å betale årlege godtgjersler.

## 7. Skattar

### 7a) Skilnad mellom resultat før skattekostnad og årets skattegrunnlag alminneleg inntekt

Årets alminnelege inntekt kjem fram slik:

Beløp i 1000 kr	2020	2019
<b>Resultat før skattekostnad</b>	<b>55 779</b>	<b>163 857</b>
Permanente skilnader	216	1 324
Endring i midlertidige skilnader	203	-7 790
Konsembidrag	-15 000	-100 000
Begrensing rentefrådrag		0
<b>Alminneleg inntekt</b>	<b>41 199</b>	<b>57 391</b>



## 7b) Grunnlag for berekning av utsett skatt

Spesifikasjon av skatteeffekten av midlertidige skilnader for skatt på alminneleg inntekt:

Beløp i 1000 kr	31.12.20	31.12.19
	22%	22%
Anleggsmiddel	20 642	21 117
Fordringar	0	0
Kortsiktig gjeld	0	24
Begrensing rentefråndrag	0	0
<b>Sum</b>	<b>20 642</b>	<b>21 140</b>
<b>Netto utsett fordel i balansen</b>	<b>20 642</b>	<b>21 140</b>

Spesifikasjon av skatteeffekten av midlertidige skilnader for skatt på grunnrenteinntekt:

Beløp i 1000 kr	31.12.20	31.12.19
	37,0%	37,0%
Anleggsmiddel	34 627	35 252
<b>Netto utsett fordel i balansen</b>	<b>34 627</b>	<b>35 252</b>

Kraftstasjonane Straumane, Fossekalen og Svelgen I er under 10.000 kVA installert merkeyting som er grensa for illegging av grunnrenteskatt. Det er difor ikkje balanseført utsett skatt grunnrente for desse kraftverka.

## 7c) Spesifikasjon av skattekostnaden

Beløp i 1000 kr	2020	2019
<b>Skatt på alminneleg inntekt/naturressursskatt</b>		
Årets betalbare skatt på almann inntekt/naturressursskatt	9 064	12 626
Skatteeffekt avgjeve konsernbidrag	3 300	22 000
For lite/for mykje (-) avsett skatt tidlegare år	-240	105
Endring utsett skattefordel alminneleg inntekt	498	2 254
Endring utsett skatt pga endring skatteprosent	0	0
<b>Perioden sin ordinære skattekostnad på alm. inntekt/naturressursskatt</b>	<b>12 622</b>	<b>36 985</b>
<b>Grunnrenteskatt</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
Årets betalbare skatt på grunnrenteinntekt	6 599	56 203
For lite/for mykje (-) avsett skattekostnad tidlegare år	-418	-427
Endring utsett skattefordel grunnrenteinntekt	624	2 912
Endring utsett skattefordel pga endring skatteprosent	0	0
<b>Perioden sin skattekostnad på grunnrenteinntekt</b>	<b>6 806</b>	<b>58 687</b>
<b>Perioden sin totale ordinære skattekostnad</b>	<b>19 428</b>	<b>95 672</b>

**7d) Spesifikasjon av betalbar skatt i balansen**

Beløp i 1000 kr	2020	2019
Betalbar skatt på alm.inntekt	9 064	12 626
Betalbar grunnrenteskatt	6 599	56 203
Framførbar naturressursskatt		0
<b>Skuldig betalbar skatt i balansen</b>	<b>15 663</b>	<b>68 829</b>

**8. Immaterielle egedelar og varige driftsmiddel**

Immaterielle egedelar

Beløp i 1000 kr	Fallrettar
<b>Ansk.kost 1.01.20</b>	371 275
<b>Tilgang</b>	0
<b>Avgang</b>	0
<b>Akk.avskrivning 31.12.20</b>	0
<b>Balanseført verdi 31.12.20</b>	<b>371 275</b>
<b>Årets ord.avskrivning</b>	0

Varige driftsmiddel

Beløp i 1000 kr	Kraft- stasjoner	Inventar,utstyr materiell	Bygninger	Anlegg i arbeid	Sum varige driftsmiddel
<b>Ansk.kost 01.01.20</b>	397 910	14 350	3 834	6 377	422 472
<b>Tilgang kjøpte driftsmiddel</b>	9 666	4 261	3 518	13 498	23 163
<b>Herav balanseførte lånekostnader</b>	16			317	333
<b>Avgang 2020</b>				4 964	4 964
<b>Akk.avskrivning 31.12.20</b>	147 134	10 944	462		158 540
<b>Balanseført verdi 31.12.20</b>	<b>260 442</b>	<b>3 406</b>	<b>3 373</b>	<b>14 911</b>	<b>282 131</b>
<b>Årets ord.avskrivning</b>	15 348	855	146		16 349
<b>Antatt øk.levetid</b>	50	18	50	0	

Alle varige driftsmiddel har lineær avskrivningsplan.



### 9. Mellomverande mellom selskap i same konsern og transaksjonar mellom nærstående partar

Beløp i 1000 kr	Kundefordringar		Andre kortsiktige fordr.		Utlån	
	2020	2019	2020	2019	2020	2019
Selskap i same konsern	14 799	18 500	3 646	56 853	0	0

Beløp i 1000 kr	Leverandørgjeld		Anna kortsiktig gjeld		Langsiktig gjeld	
	2020	2019	2020	2019	2020	2019
Selskap i same konsern	99	181	79 870	100 012	550 000	550 000

#### Transaksjonar mellom selskap i same konsern:

Beløp i 1000 kr	2020	2019
Sal av kraft	106 077	231 255
Sal tenester	475	470
Kjøp tenester	18 735	20 384
Renteinntekter	53	279
Renteutgifter	16 187	16 987

Prisinga av kraft er gjort til marknadsverdi. Prisinga av tenester er basert på forretningsmessige vilkår og prinsippet om armlengdes avstand.

### 10. Bank

Svelgen Kraft konsernet har konsernkontoordning i Danske Bank. Behaldning på driftskonto er difor pr. 31.12.2020 bokført som kortsiktig fordring til Svelgen Kraft Holding.

### 11. Eigenkapital

Beløp i 1000 kr.	Aksje- kapital	Overkurs	Annan eigenkapital	Sum
<b>Eigenkapital 01.01.2020</b>	<b>41 000</b>	<b>7 096</b>	<b>7 003</b>	<b>55 098</b>
Årets resultat	0	0	24 651	24 651
<b>Eigenkapital 31.12.2020</b>	<b>41 000</b>	<b>7 096</b>	<b>31 654</b>	<b>79 750</b>

## 12. Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Aksjonærer 31.12.2020	Ordinære aksjar	Pålydande pr aksje	Eigarandel
Svelgen Kraft Holding AS	410 000	100	100%

## 13. Konesjonar

Selskapet tilfredstiller krava i vannfallsrettighetslova av 14. desember 1917 nr 16§ 5 om offentlig eigarskap. Selskapet har difor konesjon til å erverve eigedomsrett til vannfall. Konesjonane er tidsubegrensa, men med adgang til vilkårsrevisjon. Den tidlegare heimfallsordninga vart erstatta med den gjeldande konsolideringsmodellen ved Regjeringa si provisoriske anordning av 10. august 2007, som seinare vart bekrefta ved Stortinget si lovendring, kunngjort 26. september 2008.

## 14. Finansiell marknadsrisiko

Som kraftprodusent er Svelgen Kraft AS utsett for store svingingar i marknadsprisane på kraft. For å handsame og redusere denne risikoen har styret vedteke ein marknadsstrategi som tilseier at ein del av krafta skal vere seld for dei første åra.

På denne måten vert Svelgen Kraft AS sitt årsresultat mindre utsett for svingingane i kraftprisane enn det som elles ville vore tilfelle. Det er etablert rutinar som sørgjer for at dei fastsette posisjonane vert overhaldne. Produkt Svelgen Kraft AS handlar for å redusere risikoen er futures og forwards på NASDAQ OMX Commodities og forwards i den bilaterale marknaden med Skandinaviske Enskilda Banken AB.

All fysisk kraftproduksjon som ikkje er bunden opp i fysiske kraftkontrakter og konesjonskraftforpliktingar vert seld til majoritetseigar SFE Produksjon AS. SFE Produksjon AS betaler spotpris for produksjonen slik den er time for time.

Utover dette har selskapet inngått slike finansielle salskontrakter som er underlagt sikring:

	2021	2022
Forwards volum i GWh	96	22
Futures volum i GWh	35	0
Marknadsverdi i tusen kr	505	752



Svelgen Kraft har ein valutastrategi som tilseier at deler av framtidige kontantstraumar i Euro som skriv seg frå kraftproduksjonen kan valutasikrast for dei næraste åra. På denne måten vert Svelgen Kraft sitt årsresultat mindre utsett for svingingane i valutakursen NOK/EUR enn det som elles ville vore tilfelle. Det er etablert rutinar som sørgjer for at dei fastsette posisjonane vert overhaldne. Svelgen Kraft har vedteke å slutte å valutasikre kraftinntekter i EUR. Dette medfører at det ikkje blir inngått nye valutasikringskontrakter men eksisterande kontrakter løper til forfall. Siste valutasikringskontrakt utløper i oktober 2021.

Følgjande kontantstraumar er valutasikra framover i tid og underlagt kontantstramssikring:

<b>Årstal</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>
Solgt EUR på terminkontrakter (Mill. EUR)	4,95	1,45
Marknadsverdi terminkontrakter (Mill. NOK)	0,19	0,11



### Svelgen Kraft AS

tal i 1000 kr

<b>Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter:</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
Ordinært resultat før skattekostnad	55 780	163 857
Betalte skatter i perioden	-68 171	-87 041
Avskrivinger	16 349	15 666
Gevinst ved sal av driftsmidler	0	0
Endring i kundefordringer	1 459	20 128
Endring i leverandørgjeld	13 538	-7 732
Endring i pensjonsforpliktelse	0	0
Endring i andre tidsavgrensingsposter	106 214	-523
<b>Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter</b>	<b>125 169</b>	<b>104 356</b>

### Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter:

Utbetalinger ved kjøp/tilverking av varige driftsmiddel	-18 199	-11 441
Innbetalinger ved avgang av varige driftsmidler	0	0
Innbetalinger ved opptak av lån	0	0
utbetalinger ved kjøp av aksjar og andelar i andre foretak	0	0
Utbetalinger ved kjøp av andre investeringer	0	0
Innbetaling av egenkapital	0	0
<b>Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter</b>	<b>-18 199</b>	<b>-11 441</b>

### Kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter:

Endring konsernfinansiering	-6 969	-12 915
Utbetaling konsernbidrag	-100 000	-80 000
Utbetaling utbytte	0	0
<b>Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter</b>	<b>-106 969</b>	<b>-92 915</b>

Netto endring i kontantar og ekvivalentar	0	0
Behaldning av kontantar og ekvivalentar 1.1	0	0
Behaldning av kontantar og ekvivalentar 31.12	0	0



# Svelgen Kraft AS

## Styret si melding for 2020

### Verksemda si art og tilhaldsstad

Svelgen Kraft AS (org nr 986 530 649) er eit selskap eigd av Svelgen Kraft Holding AS (SKH). Selskapet er eit dotterselskap i SFE-konsernet. Formålet med selskapet er å eige, drive og utvikle vasskraftanlegg i Ytre Nordfjord/Sunnfjord. Selskapet sitt forretningskontor er i Bremanger kommune.

I 2020 produserte selskapet 792 GWh mot 621 GWh i 2019. Den årlege middelproduksjonen for selskapet er berekna til netto 698 GWh.

### Fortsatt drift

Rekneskapen er sett opp under føresetnad av fortsatt drift, og det er ingen usikkerhet knytt til dette.

### Framtidsutsikter

Selskapet sine framtidsutsikter er gode sett i forhold til etterspørsel etter fornybar energi.

### Årsrekneskap

#### Resultat:

Svelgen Kraft AS hadde driftsinntekter på 136,6 MNOK i 2020. Driftsresultatet er 71,4 MNOK. Resultatet etter skatt er 36,4 MNOK etter at 15,6 MNOK i netto finanskostnader og 19,4 MNOK i skatt er resultatført.

#### Balanse og likviditet:

Selskapet sin eigenkapital er på 79,7 MNOK tilsvarande ein eigenkapitalandel på 10,7 % pr. 31.12.20. Anleggsverdiane er i hovudsak knytt til kraftverk med 282,1 MNOK og til fallrettar med 371,3 MNOK. Pr 31.12.2020 er sum omløpsmidlar 33,3 MNOK og kortsiktig gjeld 114,4 MNOK. I og med at ein er i ei konsernkontoordning med banksambandet, og at ein er fellesregistrert for mva med SKH, så vurderer styret det slik at likviditeten er tilfredstillande.

#### Kontantstraumanalyse:

Driftsinntekter	136 626
Driftskostnader	-48 914
Netto finanskostnader	-15 600
Tidsavgrensingspostar	-44 771
<b>Kontantstraum frå drifta</b>	<b>125 169</b>

Det er utbetalt 18,2 MNOK for kjøp av varige driftsmiddel. Det er ikkje betalt avdrag på lån til eigar. Utbetalt konsernbidrag til morselskapet var 100 MNOK. Auke i bankkonto på 7,0 MNOK er vist som finansieringsaktivitet, sidan behaldninga på balansetidspunktet vert vist som ei kortsiktig fordring.

### **Finansiell risiko**

Som kraftprodusent er Svelgen Kraft AS utsett for store svingingar i marknadsprisane på kraft og varierende produksjonsvolum. For å handsame og redusere risikoen knytt til svingingar i kraftprisen er det vedteke ein marknadsstrategi som tilseier at ein del av krafta skal vere seld for dei første åra. På denne måten vert Svelgen Kraft AS sitt årsresultat mindre utsett for svingingane i kraftprisane enn det som elles ville vore tilfelle.

Valutarisiko utgjør både direkte og indirekte ein økonomisk risiko ved at den fysiske kraft-prisen på Nord Pool Spot og alle finansielle avtaler på NASDAQ OMX Commodities vert fastsett i Euro. Selskapet har valutasikra ein andel av forventa kraftinntekter. I 2020 vedtok selskapet å slutte med valutasikring av kraftinntekter. Eksisterande valutasikringskontrakter løper til forfall men det vert ikkje inngått nye sikringskontrakter. Siste valutasikringskontrakt har forfall i oktober 2021.

### **Arbeidsmiljø, likestilling og diskriminering**

Ressursar selskapet treng for å drifte, leie og utvikle selskapet er leigd inn frå SFE Produksjon AS. Det er såleis ingen tilsette i selskapet. Styret består både av kvinner og menn.

### **Ytre miljø**

Produksjon av vasskraft er rein og fornybar energi som er miljøvennleg i forhold til annan energi, og som ikkje medfører klimautslepp eller forureinar det ytre miljø. Både utbygging og drift av vasskraftanlegg fører til inngrep i naturen og påverkar miljøet. Selskapet legg vekt på å forebygge og avgrense uønska miljøkonsekvensar og prøver gjennom oppfølging av reguleringsføresegner og ulike tiltak i vassdraget å ta omsyn til miljøet i regulerte vassdrag.

Svelgen Kraft AS leiger inn Vassdragsteknisk Ansvarleg (VTA) frå SFE Produksjon og følgjer systematisk opp tilstand, sikkerheit og miljøforhold ved vassdragsanlegga. Det er innført kjeldesortering ved avfallshandtering gjennom avtale med Elkem Bremanger Smelteverk.

### **Spesielle hendingar**

Covid-19 pandemien ramma Norge og verda sterkt i 2020. Fysisk og sosial kontakt mellom menneske er delvis sett på vent og verksemdene tok i 2020 bruk digitale løysingar i svært stor grad for å kunne gjennomføre normal aktivitet og nødvendige arbeidsoppgåver. Arbeidsaktiviteten vart i stor grad flytta ut av verksemdene sine lokale og inn i tilsette sine heimar. Sjølv om det er utvikla vaksiner som synest å ha bra effekt er det framleis stor usikkerheit knytt til pandemien sin vidare utvikling i Norge og verda. Selskapet er i mindre grad ramma av pandemien enn mange andre verksemdar. Etterspurnaden etter

Svelgen Kraft sitt produkt er i alle fall på kort sikt mindre grad påverka av pandemien. Selskapet har klart å oppretthalde normal drift på anlegga under pandemien. Nokre prosjekt er har hatt forseinka framdrift. I stor grad har ein klart å finne løysingar på utfordringane som har oppstått.

Styret ser med bekymring på dei store prisskilnadane vi har sett i starten av 2021 mellom dei nordligaste prisområda i Norden og systempris. Særleg bekymringsverdig er det at Statnett relativt konsekvent tvinger kraftflyten til å gå frå høgprisområdet NO5 til lågprisområdet NO3. I tillegg til å vere eit bedriftsøkonomisk tap for produsentar i NO3 og forbrukarar i NO5 fører dette til eit vesentleg samfunnsøkonomisk tap. Vi kan ikkje sjå at Statnett har sett i verk nødvendige tiltak for å betre situasjonen.

Styret ser også med bekymring på Statnett sin manglande koordinering med dei andre nordiske sentralnettoperatorene vedrørende flytting av revisjonstidspunkt og flytretning ved dei store endringane i ressursituasjon og prisbilete vi opplevde i 2020. Dette førte til avgrensa eksportmoglegheiter både til Danmark og Sverige i deler av 2020. Dette bidrog igjen til store vasstap for norske produsentar og tap av verdifull fornybar energi.

### Eigarstyring og selskapsleiing

Norsk utval for eigarstyring og selskapsleiing (NUES) utarbeider tilråding for eigarstyring og selskapsleiing. Tilrådinga skal bidra til å klargjere rolledelinga mellom aksjeeigarar, styre og dagleg leiing utover det som følgjer av lovgivning. SFE konsernet er ikkje pålagt gjennom lov eller regelverk å følgje denne tilrådinga, men har likevel valt å følgje tilrådinga så langt den er relevant. På SFE si heimeside vil ein finne SFE si vurdering av status i forhold til NUES si tilråding.

### Samfunnsansvar

Samfunnsansvar for SFE konsernet omfattar mellom anna vår økonomiske verdiskaping for offentlege eigarar og våre lokalsamfunn, produksjon av kraft frå fornybare energikjelder, utvikling og drift av ein kritisk infrastruktur for samfunnet, ein bærekraftig og mest mogleg skånsam bruk av naturen, og omfattande samarbeid med frivillige lag og organisasjonar. Selskapet har ikkje hatt egne forsknings og utviklingsaktiviteter i 2020, men samarbeider med SFE Produksjon om aktivitetar kring td damrehabilitering.

### Årsresultat og disponeringar

Styret foreslår slik disponering av årsoverskotet i selskapet:

Årsresultat	kr 36 351 715
Avsett til konsernbidrag	kr 11 700 000
Overført til annan egenkapital	kr 24 651 715
	-----
Sum disponert	kr 36 351 715
	-----



Svelgen Kraft AS er eit selskap med gode framtidsutsikter. Styret vurderer det derfor som forsvarleg i forhold til aksjelova §§ 3-4 og 8-1 å gje eit konsernbidrag på 15 MNOK til eigar Svelgen Kraft Holding AS. Selskapet har felles konsernkontoordning med eigar Svelgen Kraft Holding som sikrar selskapet tilstrekkeleg likviditet. Kraftanlegga Svelgen III og Svelgen IV har ein vesentleg meirverdi i forhold til bokført verdi slik at reell eigenkapital er langt høgare enn den bokførte.

Sandane, 17.03.2021

\_\_\_\_\_  
Ola Lingaas  
-Styreleiar-

\_\_\_\_\_  
Martin Holvik

\_\_\_\_\_  
Ragnhild Gundersen

\_\_\_\_\_  
Bengt Haugnes

\_\_\_\_\_  
Stig Erland Falling

\_\_\_\_\_  
Terje Søvikhagen

\_\_\_\_\_  
Jacob Hornnes

\_\_\_\_\_  
Jan Inge Erdal  
- dagleg leiar -



Building a better  
working world

Statsautoriserte revisorer  
Ernst & Young AS

Dronning Eufemias gate 6A, NO-0191 Oslo  
Postboks 1156 Sentrum, NO-0107 Oslo

Foretaksregisteret: NO 976 389 387 MVA  
Tlf: +47 24 00 24 00

www.ey.no  
Medlemmer av Den norske revisorforening

## Melding frå uavhengig revisor

Til generalforsamlinga i Svelgen Kraft AS

## Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

### Konklusjon

Vi har revidert Svelgen Kraft AS sin årsrekneskap som er samansett av balanse per 31. desember 2020, resultatrekneskap, oppstilling over endringar i eigenkapital og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2020, og av resultatata og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

### Ytterlegare informasjon

Ytterlegare informasjon består av annan informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og revisjonsmeldinga. Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for ytterlegare informasjon i årsrapporten. Våre fråsegner om revisjonen av årsrekneskapen og om andre lovmessige krav dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og rekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi konkluderer med at slik informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon, vil vi rapportere om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

### Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge leiinga ikkje har planar om at å avvikle selskapet eller leggje ned verksemda, eller ein ikkje har noko anna realistisk alternativ.

### Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meininga vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller



Building a better  
working world

samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeidar vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av fortsett driftføresetnaden i årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje held fram med drifta
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilete.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen, når revisjonsarbeidet skal utførast og om funn av betydning i vår revisjon, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen som vi avdekker gjennom vårt arbeid.

## Utsegn om andre lovmessige krav

### Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

### Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Oslo, 23. mars 2021  
ERNST & YOUNG AS

*Meldinga er signert elektronisk*

Finn Espen Sellæg  
statsautorisert revisor

Melding frå uavhengig revisor – Svelgen Kraft AS

A member firm of Ernst & Young Global Limited

Pertho Dokumentnøkkel: LZIEK-TJTNJ-8FESM-DOZLU-JAST5-YKQSV



# PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".  
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

## Finn Espen Sellæg

Partner

På vegne av: Ernst & Young AS

Serienummer: 9578-5997-4-389551

IP: 145.62.xxx.xxx

2021-03-23 14:16:48Z



## Finn Espen Sellæg

Statsautorisert revisor

På vegne av: Ernst & Young AS

Serienummer: 9578-5997-4-389551

IP: 145.62.xxx.xxx

2021-03-23 14:16:48Z



Penneo Dokumentnøkkel: LZIEK-TJTNJ-8FESM-DOZLU-JASTI-YKQSV

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

### Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>